

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-X31, TI-&10	20/1064

Saknr	Utval	Type	Dato
124/2020	Formannskapet	PS	15.12.2020

Avtale om tenestetilbod

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Avtale om tenestetilbod	30.11.2020
Avtale om tjenestetilbud - Masfjorden oppdatert utkast	30.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at tenestevalt med Politiet vert inngått slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast i politireforma og skal derfor ha stort fokus. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd.

Fakta

Politiet er etablert ved to tenestestadar i Nordhordland lensmannsdistrikt. Tenestestadane skal vera i Knarvik i Alver kommune og på Hosteland i Masfjorden kommune. Samfunnsoppdraget til lensmannsdistriktet er å gi hjelp og service til innbyggjarar, samt skapa tryggleik, lov og orden i kommunen.

Opningstider ved tenestestaden i Knarvik vil vera måndag til fredag frå kl. 09.00 til 15.00. I tillegg vil ein ha langope på torsdagar til kl. 19.00. Opningstider ved tenestestaden i Masfjorden vil vera tysdag og torsdag frå kl. 10.00 til kl. 14.00.

Det skal vera eigen avtale om politirådssamarbeid for det enkelte politiråd. Denne skal reviderast

kvart år.

Politikontakt/politiråd er ein av politireformas seks prioriterte funksjoner. Førebyggjande teneste skal knytast tett saman med politiets andre oppgåver i en samanhengande kjede av tiltak for tryggleik og kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Politikontakten skal være det faste bindeleddet mellom lensmannsdistriktet og kommunen. Politikontakten er fast medlem av politirådet.

Fokusområder:

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid
- Rusførebyggjande arbeid blant barn / ungdom
- KUBA (nye kunnskapsbaserte utfordringar som oppstår)

Lensmannen og politikontakten ved tenesteeininga er faste medlemmer i politirådet.

Politirådsmøte skal haldast minimum to gonger pr. år.

Vurdering

Samarbeidsavtalar må evaluerast årlig. I tillegg er det utgitt vegledar frå Politidirektoratet for evaluering av politirådet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at tenesteavtale med Politiet vert inngått slik han ligg føre, og underteikna av ordføraren.

Formannskapet - 124/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen rår til at tenesteavtale med Politiet vert inngått slik han ligg føre.

